



Auen Korbøl leia NVE-delegasjonen

Folkemøtet som NVE heldt ikveld i Olaløo i Sundal understreka at det er stort engasjement frå mange i dei 13 småkraftverkprosjekta i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang. Det møtte rundt 60 og ikkje minst frå natuvernhald vart det stilt kritiske spørsmål. 5 av prosjekta er i vår kommune og 3 av dei i Uskedalen.

Det som vart sagt få SKLs Dag Eirik Eikeland og andre forsterka inntrykket av at Børsdalselva er det mest og Tverrelva det minst kontroversielle.



SKLs Dag Eirik Eikeland presenterte Børdsalselva og Tverrelva


Eikeelva har også sine utfordringar, med stiar på begge sider av elva og vassverkinntak. Men Rolf Amundsen som var talsmann for utbyggjarane meinte det ligg an til gode løysingar i dette vassdraget.

NVE stilte med dei 3 som skal handsama saka fram til dei seier ja eller nei til våren. Seniorrådgjevar Auen Kobøl som leiår teamet presiserte mellom anna at det ikkje minst er ynskjeleg å vurdere større områder under eitt og då sjå på kva som er att av utbyggbare vasskraftressursar til kvar tid.

Samstundes beklaga han at det er problematisk å ha oversikt over samla belastning. NVE si oppgåve er mellom anna å vurdere samfunnsnytte mot private interesser. Dei er i sin prosess sterkt avhengige av innspel og informasjon frå lokalt hald.

Eikeland peika på at medan det er 2 raudlisteartar inne i biletet i Børdsalselva er det ingen sjeldne artar som er avslørt i Tverrelva. Og medan Fagerdalsvatnet er forutsatt regulert er den gamle dammen forutsatt rehabilitert ved Mannsvatnet. Om Eikeelva sa talsmannen at prosjektet er 'greitt når det gjeld biologi.'

Kjell Yri peika på at området rundt Børdsalselva i ein viktig plan er karakterisert som uberørt og verdfull natur.



Tverrelvaprojektet slik det vart presentert i Olaløo ikveld

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rundt 60 møte fram i Olaløo